

AUSTRHEIM SOKNERÅD

MØTEBOK – TITTELARK

FELLESRÅDSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
21.01.16

Tilstades på møtet:

Medlemer:

Arne Lerøy, Anny Bertelsen, Britt Ystebø, Bjørn Helge Olsen, Helge Dyrkolbotn, Sylvelin S. Fonnes, Kine Lerøy, Anita Bakke, Svein T. Villanger og sokneprest Per Børge Hillestad.
Kommunal representant Anne Dahle Austrheim

Varamedlemer:

Andre:
Kyrkjeverje Bodil Monslaup

Desse hadde meldt forfall:

Jusu Gyflan,

Desse møtte ikke:

Saker til førehaving:

Fellesrådssaker: F- 01/16 – 08/16

Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

- F-01/16 **GODKJENNING AV SAKLISTE OG INNKALLING**
 Ei ny melding – F-02/16 J Møte om konsekvens for kyrkja ved
 kommunesamanslåing
 Melding B – Prognose for rekneskap 2015 vert sak F-7/16
 Sakliste godkjent.
- F-02/16 **SKRIV OG MEDLINGAR**
- A. Informasjon om stillinger og tilsette:
- | | |
|----------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Stein-Olaf Jordal | Kyrkjegardsabeidar i 100 % - 15 % på årsbasis er han
på kommunen og dei refunderar lön for det. |
| Willy Villanger | 8,5 % kyrkjegardsarbeidar. Ansvarleg i ferie til graver
og mann nr. 2 ved opp og pågraving. HMS krav
15 % reinhaldar i Kyrkja |
| Gry Haukeland | 18 % kyrkjetenar. Har permisjon i 8 % pga skulegang.
Vi brukar vikar til gravferder fram til sumaren. |
| Oddrun Sæle | 12,2 % reinhaldar Kyrkjelydshuset |
| Jostein Hauge | 60 % organist og musikkansvarleg, har m.a. ansvar for
datasystemet på kontoret. |
| Bodil Monslaup
Sekretær | 40 % kyrkjelydsmedarbeider, (konfirmantlærar ilag med
prest og frivillige.) Fedje refunderar 5 % lön pga
administrasjon av deira konfirmantar.
100 % kyrkjeverje/dagleg leiar.
15 % vakant |
| Wilco Vogelaar | Tilsett i Radøy . Vi har 30 % av stillinga i
Trusopplæringa |
- B. Rekneskap 2015 Sjå sak F-7/16
- C. Budsjett 2016 – vedteke av det “gamle” rådet
- D. Søkt om tilskot/gåve til ny kistevogn på Lervåg gravplass
- E. Godkjenning av satsane for Festeavgift
- F. Godkjenning av satsane for avgifter ved utanbygds-gravferd
- G. Endring i dei godkjende kyrkjegardsvedtekene – Sjå sak F-8/16
- H. GÅR UT
- Ikkje kome noko til denne meldinga:
 Til møtet vil det truleg vere utale frå Kyrkjekonsulenent /bispedømet om å lage eit
 rom i kyrkjerommet.*
- I. Anne Dahle Austrheim vert kommunal representant i soknerådet,
 Jorun Stellberg vert vararepresentant.
 Har røysterett i Fellesrådsaker og skal ta soknerådet sine saker vidare til
 formannskap når det er aktuelt.
- J. Møte før kurset 26/1 – «konsekvensar for kyrkja ve kommunesamanslåing»
 Helge Dyrkolbotn, Arne Lerøy, Anne Dahle Austrheim og Bodil Monslaup stiller
 på møtet for Austrheim.

F-03/16

MØTEPLAN FOR VÅREN 2016

Den framlagde møteplanen vart godkjent:

Torsdag 21. jan.

Onsdag 24. febr. (AU 11. febr. leiar, nestleiar, prest og kyrkjeverje)

Tirsdag 12. april (AU 15. mars -----«-----

Inspirasjonssamling,

inkl. årsmelding:

Torsdag 14. april

Jfr Sak S-05/16

Torsdag 1. juni (AU 12. mai -----«-----

Første hausten 2016:

Torsdag 1. sept. (AU 18. aug. -----«-----

Om ein skal fortsette med ansvar for opning og kaffipause vert fordelinga såleis:

21. jan Kontoret

24. febr. Helge Dyrkolbotn

12. april Anny Bertelsen

1. juni Britt Leikvoll

o.s.v Arne Lerøy

Anita Bakke

Bjørn-Helge Olsen

Jusu Gyflan

Kine Lerøy

Svein Villanger

Sylvelin S. Fonnes

(Det vert ca. 2 gonger over ein 4 års periode.)

Enkel kaffimat – stille litt før for å lage til, ta opprydding.

Ord for dagen: Dikt, song, bibelvers, heilt fritt, men kort.

De kan bytte innbyrdes, men fint om kontoret får ein lyd om det.

F-04/16

MEDLEM TIL ADMINISTRASJONSUTVAL OG ARBEIDSUTVAL

Soknerådet har arbeidsgjearansvar og har eige administrasjonsutval.

I utvalet skal arbeidsgjear ha 2 repr. og ein vararepr., frå dei tilsette skal det vere ein representant og ein vara. Dei tilsette veljer sjølv sine representantar.

Soknerådet skal velje for arbeidsgjear.

Arbeidsgjevaren sine representantar utgjer forhandlingsutvalet når det gjeld m.a lønsforhandlingar

Administrasjonsutval:

Britt Ystebø tek gjenval

Svein Tomas Villanger nytt medlem

Varamedl.: Anny Bertelsen

(frå tilsette: Jostein Hauge – må veljast nytt varamedl.)

Arbeidsutval: førebud saken før soknerådsmøta:

Leiar, nestleiar, prest og kyrkjeverje

F-05/16

UTLYSING AV STILLINGAR

Stillinga som sekretær står vakant ut febr., dette m.a. for å spare inn budsjettmidlar. Vi fekk mindre tilskot enn det vi hadde behov for. Den tilsette slutta 15/12. Det er ei lita stilling, 15 %, det er behov for meir, ikkje minst for kontoret sin sårbarhet i feriar og ved sjukdom. Pr. no er det ein dag for veka, hadde vore fint med to dagar, men pr. no er det ikkje midlar til det fast. Vert lyst ut med tilsetjing frå ca. 1. mars.

Vedtak:

Utløsing av stillinga vert utsett.

Adminstrasjonsutvalet ser på løysingar for tilrettelegging av arbeidsoppgåver i sjukemeldingsperiode for tilsett.

Stillinga som Kyrkjeverje/dagleg leiar vert ledig frå 30. juni.

Dette er ei 100 % stilling.

Noverande Kyrkjeverje tek ut delvis AFP og jobbar deltid i prosjekt med Gravregister fram til mai 2017.

Skal ikkje vere ein del av administrasjonen.

Vedtak:

Adminstrasjonsutval lagar framlegg til utlysingstekst.

Arbeidsutvalet godkjenner.

F-06/17

VIDARE ARBEID MED «RINGEROMMET»

I haust vedtok soknerådet å lage rommet bak orgelet (ringerommet) om til eit rom der ein kunne samle born under delar av gudstenesta (ikkje famliegudst) Rommet er no på dagnad klargjort for vidare arbeid.

Framlegg til vedtak frå kyrkjeverje:

Vi platar den delen av veggane vi kan. Malar tak og resten av veggane.

Tek litt omlegging av det elektriske og får lagd ned belegg på golvet.

Evt. isolasjon i yttervegg.

Får opp gardiner, nokre sitte-benkar med oppbevaringsrom i og lave bord for teikning og anna.

Vedtak:

Vi platar den delen av veggane vi kan. Malar tak og resten av veggane.

Tek litt omlegging av det elektriske og får lagd ned belegg på golvet.

Evt. isolasjon i yttervegg.

Får opp gardiner, nokre sitte-benkar med oppbevaringsrom i og lave bord for teikning og anna.

Arbeidsutval i lag med kyrkjelydspedagog får fullmakt til å innrei e rommet og finna løysingar for arbeid som må gjerast.

F-07/16

REKNESKAP FOR 2015

Vedtak:

Soknerådet går med underskot på investeringsrekneskapet for 2015.

Underskotet på investering vert dekka med bruk av ubunde investeringsfond.

Driftsrekkeskapet går med overskot, det vert ført til ubunde driftsfond.

VEDTEKETENE FOR GRAVPLASSANE I AUSTRHEIM KOMMUNE

Det var i sist soknerådsperiode arbeidd med endring av gravplass vedtekten.

Ein ting som vart endra var å bytte ut ordet Kyrkjegard med Gravplass, ut frå endring i Lov om Gravplassar, kremasjon og gravlegging (Gravferdsloven GL)

Nye lokale vedtekter vart utarbeidd og sendt til Bispedømerådet for godkejning.
Dei har hatt dialog med departementet sin rådgjevar i gravplasssaker.

Dei endringane vi må gjere er:

§ 1 Går ut – det er ein lokal instruks

§ 9 Ny tekst – endre legat til gravstell-avtale.

Sidan § 1 går ut får alle §§ ny nummerering.

Vedtak:

Soknerådet godkjenner endringane i Gravplassvedtekten.

VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I AUSTRHEIM KOMMUNE

Gjeld fra 01 01 2016

§ 1 Gravplasstilhøyring

Personar som er folkeregistrert i kommune kan gravleggast på den gravplassen i kommunen dei eller den som syter for gravferda ynskjer.

Det gjeld også for personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i annan kommune på slutten av livet.

Personar som ikkje er heimehøyrande i kommunen kan gravleggjast i Austrheim kommune etter nærmare avtale med Gravplassforvaltinga (Kyrkjakontoret). Det skal då betalast ei fastsett avgift.

§2 Fredingstid og festetid

Fredingstida for kistegrav er 25 år.

Fredingstid for urnegrav er 25 år.

Når fredingstida er over kan gravstaden festast på nytt i periodar på 10 år, det må då betalast fastsett festeavgift. Som kvittering skal det skrivast ut festebrev.

Total festetid 50 år, tid for fredingstid og festetid vert då 75 år.

Etter 75 år frå siste gravlegging kan det søkjast skriftleg om forlenging.

Barnegrav i barnefelt kan behaldast så lenge det er gjenlevande søsken, det må betalast fastsett festeavgift og det må søkjast med grunngjeven søknad når grava er 75 år.

Festetida er i 5 årsbolkar etter at gravstaden er 75 år.

Festeavgifta for barnegrav i barnefelt er halvparten av vaksen grav.

§3 Feste av grav (dobbeltgrav)

Når kistegrav vert teken i bruk kan det festast ei grav ved sida av.

Når behovet tilseier det kan det etter søknad til gravferdsforvaltinga i heilt spesielle høve festast endå ei grav i tillegg, (altså totalt 3 graver).

Feste av ekstra (dobel) grav må avtalast før gravferda. Det skal betalast avgift for å feste ekstra grav. Desse gravene utgjer då ein gravstad, og det kan **kun stå eit gravminne** på gravstaden.

Ved bruk av urnegrav kan det ikkje festast grav ved sidan av, men det er høve til fleire urner i same grav.

I festetida kan festaren eller den han gjev samtykke til gravleggast i festegrava.

I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Dersom festet ikkje er fornøy innan 6 mnd. etter varsling fell grava tilbake til gravplassen.

Festaren pliktar å melda adresseforandring.

§4 Grav og gravminne

Ved opning av grav kan jordmassar mellombels plasserast på omkring liggjande graver og gravminner kan bli flytta. Det skal tilbakeførast i same stand som før.

Gravplassstilsette vil syte for at grava vert planert og tilsådd ei tid etter gravlegginga. Om blomar og kransar ikkje vert fjerna av pårørande gjer gravplassstilsette det etter ei tid.

Montering av gravminne kan tidlegast skje 4 mnd. etter gravlegging av kiste, umiddelbart ved urnegrav. Men gravminne må likevel ikkje setjast opp i tida 1. nov. – 31. mars eller når det er tele i jorda. Gravminnet vert plassert i bakkant av grava. Er det festa dobbelgrav vert gravminnet sentrert mellom gravene ved neste gravlegging.

Oppsetjing av gravminne skal utførast av tilsette på gravplassen, men andre kan få godkjenning til å gjera dette arbeidet (sjå §10).

§5 Symbolsk namneflytting

Etter skriftleg søknad til gravplassforvaltninga kan ein få løyve til å føre over namn frå festa gravstader til anna festa/nytt eksisterande gravminne. Dei gravene namna vert henta frå vert då sletta. Gravplassforvaltninga gjev nærmere informasjon om dette.

§6 Plantefelt og plantemateriale

Forutan gravminne er det høve til å opparbeide plantefelt i høgd med bakken fram om gravminnet. Plantefeltet må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde og ikkje gå lengre fram enn 60 cm frå gravminnet sin bakre kant.

Det er høve til å leggje ned kantstein/planteplate, plata må ikkje vere samanhengande med sokkelen. Det er ikkje tillate med små dekorstein i plantefeltet, desse vert fjerna.

Lause gravlykter skal fjernast i slåttesesongen, vasar og lykter må ikkje plasserast bak gravminnet eller utanfor plantefelt.

Plantar, kransar og liknande materiale som vert nytta ved gravferd eller pynting av grav, og som ender som avfall skal vera komposterbart..

§7 Stell av grav

Gravfestar eller ansvarshavande for frigrav har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvar for. Plantefelt som ikkje vert beplanta av den ansvarlege eller festaren, kan tilsåast av gravplassstilsette.

Plantane i plantefeltet må ikkje vera så høge at dei skuggar for andre gravminne, dekkar namnet på steinen, går utover plantefeltet eller hindrar arbeidet på gravplassen.

Gravplassforvaltninga kan mot forskotsbetaling syte for årleg planting og stell av grava (sjå §8).

§8 Betalt gravstell

Det kan oppretta Gravstell-avtale for eitt eller fleire år.

Ansvarlege for frigrav eller festaren kan inngå avtalen.

Avtalane kan ikkje oppretta for lengre tidsrom enn den føreliggjande friperiode eller festeperiode. Avtalane skal vere skriftleg.

Gravplassforvatinga syter for faktura.

§9 Bårerom

Bårerommet skal kun nyttast til å ta vare på avlidne fram til gravferda

Ingen har tilgang til båreromma medan det er oppbevart døde der.

Liksyning kan berre finna stad etter samtykke frå den som syter for gravferda.

Tilsette har ingen ting med dette å gjera.

§10 Næringsverksemد

Næringsdrivane som ynskjer å driva næringsverksemد på gravplassane i Austrheim skal innhenta godkjenning frå gravplassforvaltninga. Godkjenninga kan trekkjast attende dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei lovar og reglar som gjeld.

Næringsverksemدا kan kun omfatta montering og vedlikehald av gravminne, planting og stell av graver.

Tilsette kan ikkje mot godtgjersle utføre tenester for private eller næringsdrivande. Dei kan heller ikkje engasjere seg i sal av varer eller tenester som har med gravplassen å gjere.

Gravminner skal setjast opp av gravplasstilsette når leverandør ikkje har avtale med gravplassforvaltninga om næringsverksemد. Det vert då sendt faktura for montering til leverandør, evt. ansvarlege for grava.

§ 11 Arbeid på gravplassane

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje innanfor normalarbeidstid (07-17), og må ikkje utførast på sørn- og heilagdagar, eller på offentlege høgtidsdagar.

§ 12 Brot på vedtekten

Dersom vedtekten ikkje vert følgde, kan gravplassforvaltninga setje i verk naudsynte tiltak for ansvarleg/festar si rekning.

§ 13 Dispensasjon frå vedtekten

I særlege tilfelle kan gravplassforvaltninga dispensere frå vedtekten i § 10 og 11

AUSTRHEIM SOKNERÅD

MØTEBOK – TITTELARK

SOKNERÅDSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
21.01.16

Tilstades på møtet:

Medlemer:

Arne Lerøy, Anny Bertelsen, Britt Ystebø, Bjørn Helge Olsen, Helge Dyrkolbotn, Sylvelin S. Fonnes, Kine Lerøy, Anita Bakke, Svein T. Villanger og sokneprest Per Børge Hillestad.

Varamedlemer:

Andre:

Kyrkjeverje Bodil Monslaup

Desse hadde meldt forfall:

Jusu Gyflan,

Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:

Fellesrådssaker: F- 01/16 – 06/16

Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

- S-01/16 GODKJENNING AV SAKLISTE OG INNKALLING
Meldt om fleire meldingar.
Sakliste då godkjent
- S-02/16 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 28.10.16
Tidlegare har leiar og nesteleiar skrive under møteboka.
Foreslår at ordninga helt fram.
Møteboka godkjent og underskriven av ny leiar og nesteleiar
- S-03/16 SKRIV OG MELDINGAR
A. GUDSTENESTELISTE VÅREN/SUMAREN 2016
- | | | |
|-------------------------|-------------|-------------------------------------------------------------------------------------|
| 10. jan. | kl. 11 | |
| 31. jan. | kl. 11 | |
| 7. febr. | kl. 19.30 | Sangkveld |
| 14. febr. | kl. 19 | |
| 28. febr. | kl. 11 | Lys vaken helg. Familiegudst. Bibel til 5 klassingane |
| 11. mars | kl. 18 | Fredag – «gudsteneste for alle» |
| 13. mars | kl. 11 | |
| 20. mars | kl. 19.30 | Påska i ord og tonar |
| 24. mars | kl. 19 | Skjærtorsdag |
| 27. mars | kl. 11 | 1. påskedag |
| 17. april | kl. 11 | Familiegudst. Bjarte Leithaug deltek og Tirilltunga
Udeling av bok til 2. klasse |
| 5. mai | kl. ? | Friluftsgudsteneste i Rongevær |
| 13. mai | kl. 18 | Fredag «Gudsteneste for alle» |
| 15. mai | Kveld | 1. pinsedag - Svein Ellingsen kveld |
| 17. mai | kl. 10 | Kyrkja |
| | kl. 11.30 | Kaland skule |
| 4. juni | | Kan bli ein dåpsgudsteneste (p.g.a få vanlege gudstenester) |
| 12. juni | kl. 19 | Samtalegudsteneste |
| 26. juni | kl. 11 | |
| Ei gudsteneste i juli ? | | |
| 14. aug. | Ettermiddag | Friluftsgudsteneste i Årevikane (vedteke) |
| 28. aug. | 10 og 12 | Konfirmasjon |
- B. Orientering om ny arbeidstidsavtale for prestar
- C. Ynskjer frå Kjerringrokken om samarbeid om basar i vår
Dei jobbar for NMS og har misjonsprosjektet i Mali som sitt prosjekt.
Positiv reaksjon frå soknerådet
- D. Utlevering av skriv vedrørande Likekjønna ekteskap.
- E. Utlevert statistikk for 2005 -2015
- S-04/15 50 ÅRSKONFIRMANTAR
Det er ein tradisjon i Austrheim å ha ei gudsteneste på hausten der 50 års konfirmantane er spesielt invitert. Soknerådet skipar til festsamvær for dei i etterkant av gudstenesta. I 2015 var det ikkje slikt arrangement, dette fordi ein i 1965 gjekk over til ungdomskule ordninga og konfirmasjonen vart flytta frå hausten til våren.

Skal ordninga halde fram ?

Om den skal det er Samfunnshuset ledig 18. sept. 2. okt. 9. okt.

Vedtak:

Det var ynskje om å halde fram med denne markeringa.

50 årskonfirmantane 2016 vert invitert til gudsteneste og fest søndag 18. sept.

S-05/16

INSPIRASJONSSAMLING – INKL. ÅRSMØTE

I mange år har Soknerådet invitert alle frivillige, tilsette til ei inspirasjonssamling. Invitasjonen går ope ut til alle i bygda, mellom anna fordi ein også legg fram årsmeldinga og då skal det vere eit ope møte. Det var ikkje i 2015 pga jubileumsfest. Det har kome ein «talar – inspirator» for å snakke om korleis vi kan få inspirasjon til vidare arbeid, stor eller lite. Fått ca. 15-20 min. Litt lett underhaldning. God mat. Og fint dekka bord. Har vore ein god kveld for dei fleste trur vi. Dei som har hatt mest arbeid er dei som lagar til og vaskar opp, altså soknerådet. Andre kan stort sett kose seg heile kvelden.

Dei som har vore med som talar er m.a.:

Helge Hitland, Jan Ulveseth, Børge Ryland, Rune Minde, Egil Morland,
Ole D. Hagesæter, Kari Sørheim.

Arbeidsutvalet jobbar vidare med saka om det er aktuelt.

S-06/16

MEDLEMAR TIL DIVERSE NEMNDER DER SOKNERÅDET HAR
REPRESENTANT
Diakoninemnda

«Kyrkle for alle» nemnda

Sangkomite (skal den halde fram – får innspel etter at dei har hatt møte)

Temakveldar

Fjon fjellkyrkje- og ungdomssenter

Gudstenesteutval (prøve på nytt) - Presten må vere med her m.fl.

Nemnd for KB ?

Trusopplæringsarbeidet – hjelparar eller nemnd

Turnemnd - foreslått nedlagd – lite respons på det dei har arrangert

Gjevarteneste – utval Jfr. sak S- 07/16

Ny – husnemnd for Kyrkjelydshuset (har vore utval før)

Ny – bygningsutval for kyrklelege bygg (har vore utval før)

S-07/16

GJEVARTENESTE

Det vart i vår sett ned ei nemnd som skulle jobba med å få opp gjevartenesta. Per Børge Hillestad, Trygve Gjerde og Bjarne Neteland har vore i nemnda for det førebuande arbeidet.

Fokuset skulle vera på stilling som ungdomsarbeidar, dette er no utvida til å kunne bli ungdomsprest.

I utgangspunktet vil ei heil stilling koste minst kr. 650.000 pr. år, og for å lyse ut må vi ha garanti for minst tre år.

Soknerådet har sagt at ein kan også lyse ut deltidstilling når ein har nok midlar til det.

I 2015 har det kome inn kr. 10.700, dei siste åra har det kome inn kr. 5.400.

Nokre til har meldt at dei startar som faste gjevar frå 2016.

I budsjettet er det sett opp ein årleg sum på kr. 35.000, dette ut frå dei signala vi har fått.

Det står ca. 52.000 på kontoen frå før, dette er midlar som er samla gjennom fleire år, samt ein rest frå den gongen vi hadde eittåring på gjevarteneste.

Det er brukt midlar til diverse ungdomsarbeid, m.a. MILK (Mini konfirmant leiar kurs)

Det bør jobbast vidare med saka og gjer framlegg til vedtak:

Soknerådet set ned ei arbeidsgruppe som jobbar litt vidare med gjevartenesta, med tanke på å etablere eit breiare ungdomsarbeid.

Arbeidsgruppa vert samansett såleis:

Prest Per Børge Hillestad

Kyrkjelydspedagog/organist Jostein Hauge
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn
Ein repr. frå soknerådet
Mulig ein eller begge av dei som var med tidlegare, dei bør spørjast.

S-08/16

FASTEAKSJON 2016

Tradisjonen i Austrheim er at vi stiller med innsamlingsbøsser for Kirkens Nødhjelp sin aksjon før påske, tidsett til 13 – 15 mars (Austrheim har brukt tirsdagen). Då er det konfirmantane, foreldre, frivillige, soknerådsmedlemar som stiller og resultatet for Austrheim ligg på over 50.000.
Skal vi fortsatt ha denne aksjonen? Det er diakoniarbeid på høgt plan.
I år er vatn prioritert. «Slagord for 2016: I kriser er vann kritisk»

Framlegg:

Austrheim sokneråd helt fram med fasteaksjonen på same måte som tidlegare.
Aksjonsdag i vert tysdag 15. mars 2016

S-09/16

OFFER I 2016

Det er kome inn 96 offersøknader.

Vi har årleg ca. 20 ofringar.

Vi har tidlegare vedtak på 7 ofringar til Kyrkjelydsarbeidet og vi har avtale med NMS om 4 ofringar i året til Misjonsprosjektet i Mali. Og vi prøver å støtte det arbeidet vi har lokalt.

Det seier seg sjølv at det vert lite val, men vi prøver kvart å å ha nokre organisasjonar utanom.

Som vedlegg er lista over dei som har søkt.

Offersøknadane kan de få sjå på møtet om de vil ha meir informasjon.

Det kan gjerast endringar sjølv om det ligg vedtak frå før.

Framlegg til vedtak frå kyrkjeverje:

1-7	Kyrkjelydsarbeidet	Fordelt ut over året (første 10/1)
8-11	Misjonsprosjekt i Mali	
12	Fjon fjellkyrkje	Vi er medeigar i den
13	Bergen søndagskulkekrets	Dei har vore her ved 4 års samlingane
14	Lokalt spederarbeid i KFUK	Dei er med på friluftsgudstenesta
15	Nordhordland indremisjon	Driv mykje barnearbeid på bedehusa
16	Raknestunet	Konfirmantane reiser dit på weekend
17	Misjonselskapet	Har vore fast på 1. juledag
18	Sjømannskirken	Har vore fast 1. påskedag
19	Bibelselakapet	Bibeldagen (utdeling av Bibel til 5 kl.)

20	Kirkens Nødjelp	Julafta og 17 mai 4 gudstenester
21	Kirkens bymisjon, Bergen	Lysmassa dei siste åra
	Desse kan stå som «påfyll» til liste, ikkje prioritert.	
	Om dei ikkje får i 2016 kan det overførast til 2017.	
	*Det teologiske menighetsfakultet	Utdannar prestar til Dnk
	*NLA høgskule	Mellom anna forskule, lærarskule
	*Misjonshøgskulen, Stavanger	Utdannar prestar og misjonærar
	*IKO	Lagar mykje av materiellet vi brukar
	*Nestenpresten	Arena for teologistudentar.

S-10/16

GUDSTENSTEFORORDNING FOR AUSTRHEIM

Dette er ei ordning med dei gudsteneste Biskopen godkjener for kvart sokn.
 Den skal no reviderast. Og med prestane si nye arbeidstidordning kan dette bli ei del endringar på for Austrheim.
 Sokneprest Per Børge Hillestad kjem med ei oversikt til soknerådet korleis han tenker det. Vert truleg lagd fram på møtet

Prosten skal behandle sak før den går vidare til Biskopen, med den lokale presten ynskjer soknerådet med frå første stund.

Om gudstenestetalet skal aukast mykje må det også tenkast auke i dei kyrkjeleg stillingane.